



Arkivnr: 2017/1324-4
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		09.05.2017
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027, deltaking frå Hordaland

Samandrag

«Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027» er ei nasjonal satsing for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet og fremje lokalt rusførebyggjande arbeid. Programmet vert utvikla og implementert i eit samarbeid mellom Helsedirektoratet, KS og Folkehelseinstituttet, på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet.

Gjennom ei tilskotsordning er målet at alle fylkeskommunar søkjer opptak i programmet i løpet av 2017, 2018 eller 2019. Venta årleg tilskot sett av over statsbudsjettet som kvar fylkeskommune kan søkje om, er mellom 5 og 10 mill. kroner pr. år over ei periode på 3 til 5 år. Hordaland fylkeskommune har ambisjon om å søkje største sum over fem år. Midlane skal i tråd med regelverket gå til utviklingsarbeid i kommunane. Fylkeskommunen skal samordne programarbeidet regionalt og ha overordna ansvar for framdrift (søkjjar, prosjektutviklar, budsjett- og rekneskapsansvarleg og koordinator). Det vert ikkje tilført midlar til løn og administrasjon til oppgåvene som skal utførast av fylkeskommunane gjennom ordninga. Fylkesrådmannen vurderer at deltaking frå alle fylkeskommunar er ei klar forventning frå nasjonale mynde. Deltaking inneber at opptak i tilskotsordninga frå Hordaland fylkeskommune vil binde opp ressursar i fylkeskommunen frå 4 til 6 år inklusive tida til utvikling av søknad.

Tiltaka som skal utviklast i kommunane skal vere innovative, og nå breie grupper av barn og unge mellom 0 og 24 år (universelle tiltak) på dei arenaene der barn og unge naturleg oppheld seg. Tiltaksutviklinga vert i denne samanhengen difor avgrensa slik at individuelle tiltak og behandlingstiltak ikkje inngår. Det skal sikrast samarbeid lokalt med ulike relevante aktørar innan til dømes skule og barnehage, fritidssektor og frivillig sektor, helsetenesta, politiet og andre. På regionalt nivå skal det opprettast eit samarbeidsorgan. Tiltaksutviklinga i programmet skal effektevaluerast gjennom samarbeid med forskings- og kompetansemiljø. Regionale kompetansesentre og fylkesmannen i Hordaland skal delta i samarbeids- og utviklingsoppgåver i prosjektet. Dette kjem fram i deira nasjonale tilsegnsbrev.

Innretninga av programarbeidet er i tråd med Regional plan for folkehelse 2014-25, og retningsgjevande rammer for eit meir inkluderande hordalandssamfunn gjennom Regional planstrategi 2016-2020. Fylkesrådmannen ser det som viktig å styrke folkehelseinnsatsen retta mot barn og unge i eige fylke gjennom å slutte seg til programmet gjennom tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide med Sogn og Fjordane fylkeskommune i arbeidet med utvikling av søknad og gjennom programutviklinga i den grad dette er hensiktsmessig.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune søker om å bli programfylke for Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-27 i Hordaland, med verknad frå 2018.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere søknad til Helsedirektoratet.
3. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å oppnemne representant til Regionalt samarbeidsorgan.
4. Regionalt samarbeid i prosessen er sett på som ei føremon frå Helsedirektoratet si side. Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider i programarbeidet der det er hensiktsmessig.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.04.2017

1. Bakgrunn for saka

Nasjonale føringar

Psykiske plagar og lidningar er nokre av dei store folkehelseutfordringane vi ser i dag, også for barn og unge. Riksrevisjonen (dok 3:11 2014-15) peika på at det er store variasjonar i korleis norske kommunar arbeider for å førebygge psykisk sjukdom og plager som del av folkehelsearbeidet. Gjennom Meld. St.19 (2014-2015) «Meistring og muligheter» vert psykisk helse som likeverdig del av folkehelsearbeidet løfta fram. «Program for folkehelsearbeid i kommunane» er oppfølging av denne satsinga.

Regionale føringar

Eit inkluderande samfunn er eit hovudmål i den overordna utviklingsplanen for hordalandssamfunnet (Regional planstrategi 2016-2020). Det vert fokusert på at styrking av sosiale relasjonar i eit trygt, utviklande og helsefremjande lokalsamfunn er viktige føresetnader for god psykisk helse og livskvalitet blant alle innbyggjarar i Hordaland. Regional plan for folkehelse (2014-2025) har ei målsetting om eit meir inkluderande samfunn, der oppvekst, læring, arbeid og fritid er prioriterte områder. Her er det skildra fleire mål og tiltak retta mot livskvalitet og psykisk helse, mellom anna at det skal arbeidast målretta for å auke kunnskap om barn og unge sin situasjon, levekår og helse. Folkehelse i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt – skildrar konkrete folkehelseutfordringar i Hordaland, der det vert retta mest fokus på sosial ulikskap i helse med utfordringar knytt til inntekt, arbeid og utdanning.

Om programmet og tilskotsordninga

Det langsiktige målet med «Program for folkehelsearbeid i kommunane» er betre psykisk helse og livskvalitet i befolkninga. Innan 2027 skal alle kommunar ha auka kapasitet og kompetanse til å drive eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid som fremjar psykisk helse og livskvalitet i befolkninga og særskilt for barn og unge. Tilsvarende gjeld det systematiske og langsiktige rusførebyggjande arbeidet.

Tilskotsordninga for folkehelsearbeid i kommunane er eit tiltak i programmet. Målgruppa for utvikling av tiltak er alle barn og unge opp til 24 år. Det er utvikla eige regelverk for ordninga. Det skal setjast av midlar til tiltaksutvikling over statsbudsjetta i åra framover, dersom Stortinget held fast på ordninga. «Tiltak» kan forståast breitt – også som utprøving av organisatoriske endringar eller samhandlingstiltak internt i kommunen. Det skal vere eit element av innovasjon i tiltaksutviklinga. Midlane ikkje skal gå til å finansiere eksisterande tilbod eller stillingar for målgruppa. Tiltaksutviklinga skal følgjast opp gjennom krav til evaluering av tiltaka gjennom etablering av samarbeid med forskings- eller kompetansmiljø. Det ligg ikkje midlar i ordninga til evalueringsarbeidet. Regionale kompetansesentre og fylkesmannen i Hordaland skal bidra med kompetanse inn i prosjektet jf. deira nasjonale tilsegnsbrev.

Tiltaksutviklinga skal skje i kommunane, med utgangspunkt i lokale kommunale føresetnader og forankrast i dei kommunale plandokumentane. Medverknad frå barn og unge er sentralt, røymsler frå det pågåande prosjektet «nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland» vil vere nyttige.

Hordaland fylkeskommune sin rolle

Fylkeskommunen skal i tråd med rolla som regional utviklar søkje opptak i ordninga og etablere samarbeid med kommunane om utvikling av tiltak. Fylkeskommunen skal samordne programarbeidet regionalt og ha overordna ansvar for framdrift og rekneskap/budsjett. Fylkeskommunen skal også inngå samarbeidsavtalar med kommunar og andre aktørar som skal delta i arbeidet. Fylkeskommunen skal vere i tett dialog med kommunane om utvikling av søknad, utforme kriterier for opptak i programmet og inkludere kommunane gjennom opne prosessar. Fylkeskommunen skal etablere regionalt samarbeidsorgan, og etablere kontakt/avtalar med forskings- og kompetansmiljø. Fylkeskommunen skal delta på nasjonale samlingar med andre programfylke og koordinere utviklingsarbeidet i heile programperioden.

Regionalt samarbeidsorgan i fylket

Regionalt samarbeidsorgan skal særleg bidra til forankring av utviklingsarbeidet i kommunane og vere eit rådgjevande organ. Fylkeskommunen skal vere sekretæriat for samarbeidsorganet. Det vert tilrådd at samarbeidsorganet skal ha deltaking frå politisk leiing i fylkeskommunen, frå kommunar, frå høgskular/universitet/kompetansesentre. Andre aktørar som representant frå fylkesmannen, frivillige organisasjonar, ungdom, KS m. fl. kan vere relevante. Hordaland fylkeskommune har ikkje i dag tilsvarende

samarbeidsorgan på folkehelse innanfor den regionale strukturen ein kan byggje på. Regionalt samarbeidsorgan må opprettast.

Mogeleg samarbeid på tvers av nye folkevalde regionar

I regelverket er det presisert at fylkeskommunane vert oppmoda til regionalt samarbeid der det er naturleg, jf. nye folkevalde regionar. Det kan søkjast tilskot enten einskildvis eller saman med andre fylkeskommunar. Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore i telefondialog knytt til mogeleg samarbeid. Samarbeidsmodell er ikkje formalisert eller utforma.

Vedtaksorgan og forankring

Helsedirektoratet har sett som vilkår at vedtaket om å søke midlar til tiltaksutvikling for «Program for folkehelsearbeid i kommunane» skal vedtakast i fylkestinget. Vedtaket må vere fatta før søknaden vert sendt Helsedirektoratet. Fylkestinget kan delegere avgjerdsmynde til anna nivå.

2. Vurderingar og konsekvensar

Betre oversikt over befolkninga sin psykiske helse

I 2015 kom «Folkehelsa i Hordaland – ei kunnskapsoversikt». Oversikta fortel oss at folk i Hordaland har god helse. Men den viser oss samstundes at vi har utfordringar knytt til sosial ulikskap i helse, i den forstand at det er glidande skilnader i folk sin helsetilstand; til dårlegare inntekt og/eller utdanning ein har, dess mindre (statistisk) er deltakinga i helsebringande aktivitetar som arbeidsliv og fritidsaktivitetar.

I tillegg til det vi veit i dag, har vi trong på vite meir om tilhøve mellom folk på område som til dømes trivsel, sosial kontakt og levekår, særleg knytt til barn og unge sine oppvekstkår. Gode data på desse områda er naudsynt for å kunne utforme gode tiltak, arbeidsmåtar og verktøy for å kunne skape helsefremjande lokalsamfunn ute i kommunane. Det må også gjennomførast 0-punkt undersøkingar før tiltaksutviklinga i programmet startar.

Nasjonal forventning om deltaking

Det er ikkje eit krav at alle kommunane i eit fylke skal delta, men eit uttalt mål at fylkeskommunane skal legge til rette. Det ligg ei klar forventning frå Helsedirektoratet om at alle fylke om å søkje. I brev av 11.01.2017 frå Helsedirektoratet står «*det er tenkt at alle landets fylker skal, med forbehold om stortingets bevilging, kunne innlemmast i tilskuddsordningen for en periode på tre til fem år. Vi ønsker å oppfordre fylkeskommunene om å søke midler allerede fra 2017*». Øvrige fylkeskommunar er tenkt innlemma i ordninga i 2018 og evt. 2019. Det kan søkjast opptak berre ein gong.

Utvikling av søknad - status for arbeidet

Hordaland fylkeskommune vurderer det som realistisk å arbeide fram søknad til opptak i ordninga til neste søknadsfrist sannsynlegvis i mars 2018.

Økonomi

Venta årleg tilskot det kan søkjast om til Hordaland om er mellom 5 og 10 mill. kroner pr. år over ei periode på 3 til 5 år. Midlande skal i tråd med regelverket gå til utviklingsarbeidet i kommunane. Fylkeskommunen som har fått det koordinerande ansvaret for programarbeidet i fylket med dei oppgåvene som er skildra over, får ikkje nytte midlar frå tilskotsordninga til løn og administrasjonskostnader. Dette er presisert i regelverket for ordninga og er ny praksis frå nasjonale mynde.

Inntak i programmet vil binde årlege ressursar frå andre innsatsområder i folkehelsearbeidet i Hordaland i ei 4 til 6 års periode. Det bør vere eit mål at kommunar som ønskjer det kan delta, om dei fyller vilkåra for deltaking. Behov for økonomiske rammer til tiltaksutvikling i kvar kommunane vil også verke inn på tal deltakar kommunar i Hordaland. Det er noko vanskeleg å setje måltal for tal deltakar kommunar før arbeidet med søknad til tilskotordninga er starta opp.

Prosjektutviklinga vil vere to-delt.

1 Søknadsutviklingsfase vår 2017 – vinter 2018:

Oppgåver Hordaland fylkeskommune:

- Etablere prosjektsekretæriat

- Forankringsarbeid administrativt og politisk
- Formulere overordna mål for programarbeidet i fylket. Måla skal vere drøfta med kommunar og andre samarbeidspartar
- Utvikle søknadskriterar for å velje ut kommunar og tiltak
- Søknadsprosess og dialog med kommunane, og med andre relevante samarbeidspartar
- Etablere samarbeidsorgan – plan for dette med mandat for arbeidet
- Etablere samarbeid med kunnskap – og forskingsmiljø
- Plan for medverknad
- Plan for kvalitetssikring og evaluering av tiltak
- Tidsplan for arbeidet
- Utvikle søknad
- Etablere samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune

2 Prosjektfase vår/sommar 2018 – 2022

Hordaland fylkeskommune har som ambisjon å søke om maksimalt beløp for fem år.

Fase 2	2018	2019	2020	2021	2022
Tilskot H dir (til kommunar)	10 mill	10 mill	10 mill	10 mill	10 mill
Eigne ressursar HFK	1 årsverk	1 årsverk	1 årsverk	1 årsverk	1 årsverk

Ressursbruk i fase to frå Hordaland fylkeskommune, basert på eit tilskott på 10 mill kr, vert i prosjektfasen vurdert til rundt eit årsverk. Vurderinga byggjer på erfaringar frå prosjekt nærmiljø og folkehelse 2015/15-2018. Ved lågare tilskott vert ressursbruken redusert.

Oppgåver Hordaland fylkeskommune.

- Vidareutvikle prosjektplan
- Samarbeidsavtalar med kommunar
- Samarbeidsavtalar med øvrige miljø
- Kvalitetssikre arbeidet
- Bidra til å kople inn forskingsmiljø
- Rapportering – fag og økonomi 2 gr årleg samla til H dir
- Rekneskapsansvar
- Prosjekt utviklingsansvar – følgje med retning og vegval
- Fagleg ressurs i utviklingsarbeidet
- Samle erfaringar – nettverk og kompetansedeling lokal
- Samarbeide med andre fylke/regionar
- Nasjonale samlingar mm.

3. Konklusjon

Tiltaksutvikling for «Program for folkehelsearbeid i kommunane» er eit satsingsområde som samsvarar godt med målområda i Regional plan for folkehelse 2014-2025. Fylkesrådmannen vurderer det som ei særskilt relevant folkehelsesatsing at Hordaland fylkeskommune søker Helsedirektoratet om opptak i tilskotsordninga.

Programmet er eit nasjonalt program. Erfaringar frå prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse viser god regional nytte av å vere knytt opp mot nasjonale nettverk og program. Opptak i programmet vil bidra til utvikling av lokale tiltak i deltakarkommunane i Hordaland, meir merksemd på barn og unge si psykiske helse og trivsel, erfaringsdeling, forskning og kunnskapsutvikling og kompetanseutvikling og samarbeid i kommunane.

Deltaking i programmet vil styrke kommunane sitt eige folkehelsearbeidd. Overordna mål for fylket sitt programarbeid skal formulerast i samarbeid med kommunane. Dette skal vere fundert i Regional plan for folkehelse og oversiktsarbeidet i kommunane/fylket. Hordaland fylkeskommune vil i pågåande arbeid med revisjon av Handlingsprogram 2018-21 Region plan for folkehelse vurdere regionale tiltak inn mot denne satsinga.

Det er dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune om mogeleg samarbeid der det er hensiktsmessig.

Vedlegg :

- Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017 -2017
- Regelverk for tilskotsordninga